

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Hønefoss, 26. 11.2018

N.B.Vistad, tlf.90033113, nbjoer-v@online.no

REFERAT FRÅ STYREMØTE, 23.11.2018

Quality Hotel Vøringfoss, Eidfjord

Til stades: Per Helge Sekse, Stein Verpe, , Torgils Eide, Anve Myklatun, Johan Vaa, Gjermund Geirstad og Nils Bjørn Vistad (sekr.).
Odd Gunnar Vikan deltok i parallelt møte i Villreinutvalet.

Sak 1. Reiseskjemagjennomgang

Rutinesak.

Sak 2. Orientering frå villreinseminar på Geilo, 25.-26.10.2018

Orientering ved Per Helge.

Fyrste dag var «brukargruppene» invitert til innlegg om forvaltingsrelaterte synstader sett frå egne organisasjonar/interesser. Per Helge tok dette på vegne av HG.

Dagen etter var sentrale temaer: Fokusdområder, besøksstrategi for verneområda og ny forvaltingsmodell for Hardangervidda.

Vedtak: Til orientering

Sak 3. Status framtidig forvaltingsmodell

Det foreligg ikkje noko nytt i saka. Stein Byrkjeland, FMHO, reiser rundt med same foredraget sitt. Sluttrapport blir ikkje overlevert kommunane før i midten/slutten av januar. Fyrst då vil vi også innsyn,- og på det grunnlaget tilskrive kommunane og informere om HG sine synstader

Vedtak: Til etterretning

Sak 4. Ny kommune i Hardanger

Odda og Ullensvang, samt Jondal, går saman til ny kommune, under namnet Ullensvang.

Det er i styret reist spursmål om dette logisk vil få konsekvens for dei 2 styreplassane.

Per Helge (som leiar og frå Ullensvang) innleidde, og meinte samansetjinga skulle vera som i dag. Han hadde slik tilråding:

*Styresamansetjinga vert som i dag. Vedtektenes §6, fyrste setning vert endra slik:
«Samskipnaden vert leia av eit styre på 7 medlemer, eitt frå kvar kommune **slik grensene er pr 01.01.2019**, som har medlemer i HG».*

Johan meinte det logisk burde vera reduksjon til 6,- og det vart det avstemming på.

Per Helge sitt framlegg fekk 2 stemmer og Johan fekk 4 stemmer.

Vedtak: Saka blir å fremme som årsmøtesak til våren, med nødvendig vedtektsendring.

Sak 5. Diverse orienteringar frå sekretær

I saka om **sauebeiting i Nordfjella** har sekr. tilskriva Mattilsynet og Veterinærinstituttet, med ei «bekymringsmelding» i høve risiko for CWD-spreiing gjennom pels og klauver til nye landsluter.

I saka om **DAB-dekning** har sekr. hatt kontakt med Telenor og etter dette meldt inn eit ynskje om vurdering av masteoppsetting på Argehovd og Blyvarden.

I saka om **uvarsla hytterregistrering**, er dette ikkje fylgd opp enno. Etter ein diskusjon fann styret at dette framleis var ynskjeleg .

Vedtak: Til orientering. .

Sak 6. Diverse

- Torgils orienterte kort frå styremøte i Fjellstyresambandet.
- Forvaltingsplanen frå 2011 skal snart opp til revisjon. Johan markerte at han gjerne ville delta i det arbeidet.

Nils Bjørn Vistad
sekr. i HG